



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
12/8937 MATE

Arkivkode

Dato
20.04.2012

Høyringsuttale NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning.

Hå Ungdomsråd har fått invitasjon til delta i følgjande høyring - *NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning*. Ungdomsrådet har hatt ein gjennomgang av høyringsbrevet og har følgjande kommentarar til utvalets utgreiing.

Skulen sitt demokratioppdrag

Ungdomsrådet i Hå er samde i utvalet sin uttale om at skulen er ein av dei viktigaste arenaene der ungdom får læra om politikk og demokrati, men ungdomsrådet er i mot innføringa av eit nytt demokratifag i grunnskulen. Dette er eit tema som høyrer inn under samfunnsfag, og ungdomsrådet i Hå meiner at undervisninga i samfunnsfag heller bør leggjast opp på ein måte som betre fylgjer årshjulet til politikarane. Slik vil ein kunne få betre innsikt i heilheita av den politiske aktiviteten. Ungdomsrådet i Hå støtter og utvalet sitt forslag om obligatorisk skuleval i den vidaregåande skulen samt betre tilrettelegging for politisk og organisatorisk aktivitet for ungdom i same aldersgruppe, medan anna gjennom ein auka fråværskvote. Ungdomsrådet i Hå er svært opptatte av viktigheita av elevrådsarbeid, og ser at det vert fokusert meir på dette i grunnskulen. Undervisningspersonalet som har ansvar for elevråda ved den enkelte skule må være godt orientert om elevane sine rettigheter og elevrådet si faktiske moglegheit til å ha ei aktiv rolle i ungdommane sin skulekvardag.

Myndighetsinitierte ordningar for medverking:

Ungdomsrådet i Hå er av den oppfatning at nokre sentrale retningslinjer for ungdomsråd er viktige, slik at det vil vera lettare for dei ulike ungdomsråda og arbeida på tvers. Men kvar kommune bør ha valfrihet innanfor dei sentrale rammene.

Eit tema som likevel bør falla innanfor dei sentrale rettingslinjene er utarbeiding av dokument, handlingsplaner og anna på ein måte som ungdommen skjønar. Ynskjer ein aktiv deltaking frå ungdommen er det naudsynt å ta med seg at føresetnadene for å forstå dei større politiske dokumenta, som handlings og økonomiplan til dømes, er færre for ungdomsråda enn for dei fleste vaksne politikarane. Gode nasjonale verktøy som politiske ordbøker, malar for forklaring av dokument og liknande bør utarbeidas og distribueras til kvar kommune.

Det er viktig å sikre at ungdommen har innflytelse i ungdomsråda, og at den vaksne som har ansvaret ikkje overtek ansvaret og myndigheita. Det der derfor viktig med god kunnskap om ungdom og medverking blant dei som arbeider som sekretærer/kontaktpersoner for ungdomsråd. Eit godt ungdomsråd kan ikkje fungere utan at den vaksne har tilstrekkelig kunnskap om temaet. Det er viktig at den vaksne er forberedt på å gje hjelp til møtestruktur, innkalling, møteplan og arbeidsmåtar som kan fungere for eit ungdomsråd satt saman av ungdom med ulik alder.

Større årlege regionale ungdomskonferansar med tema som passer inn i ungdommens eigen kvardag vil være gode arenaer for og auka interessa for organisatorisk og politisk arbeid blant ungdom.

Stemmerettsalder

Ungdomsrådet i Hå støtter fleirtalet i utvalet si oppfatning om at stemmerettsalderen i Noreg framleis skal vera 18 år.

Personvern i nye media

Ungdomsrådet i Hå er opptatte av viktigheita av personvernet, og meiner at skulen og her har eit stort ansvar. Tidleg i grunnskulen bør det gis informasjon om konsekvensar ved og leggja ut personleg informasjon på internett. Slettmeg.no er ei viktig teneste, men realiteten er at denne ikkje er godt nok kjent blant ungdom.

Med helsing for
Hå Ungdomsråd

Maria Tendenes
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur